

# Referat frå Campusmøte, campus Førde

**Dato:** 12.02.2024

**Tid:** 1030 – 1130

**Stad:** Nett

**Til stades:**

Eli Nummedal, Irene Valaker, Erik Kyrkjebø, Øyvind Midtbø Berge, Sondre Langedal Ness - studentcampusråd Førde, Monica Wammen Nortvedt - møteleiar, Anny Aasprang, Hans Jakob Reite – sekretær

Observatørar: Geir Kåre Resaland, John Tveit, Sigurd Sandvoll og Gro Rukan.

Forfall: Tobias Hersvik Ørnehaug - studentcampusråd Førde.

**Sakliste:**

Sak	Tittel	Ansvarleg
01/24	Godkjenning av referat, innkalling og sakliste. Opprop. Alt ok	
02/24	<b>Saker til oppfølging:</b> <b>Studenthus i Førde sentrum.</b> Hans Jakob orienterte om at saka står litt på vent. Sunnfjord kommune løyvde ikkje pengar på -24-budsjettet.  <b>Forskarnettverk på tvers av fakultet.</b> Erik orienterte til meiningsutveksling og kommentarar: <ul style="list-style-type: none"><li>- Nettverket er uformelt. Interesse er stor for å verte kjende med arbeida på tvers.</li></ul>	

	<ul style="list-style-type: none"><li>- Det vert eit miniseminar om emnet 12. juni. Der vil ein diskutere moglegheita for prosjekt på tvers.</li><li>- Strategisk universitetsprogram for digital helse er ei satsing på tvers av FTMS og FHS. Yngve Lamo skal leie satsinga.</li><li>- Christian Moltu &amp; co har fått innvilga eit stort prosjekt frå NFR på digital psykisk helse. Han er også involvert i fleire andre forskningsprosjekt som for eksempel i eit hjarteprojekt på Haukeland. Moltu skal ha eit første møte med prorektorar og dekan FHS denne veka for å orientere om prosjektet.</li><li>- PhD på helseteknologi er under tilsetting.</li></ul>	
03/24	<p><b>Saker til orientering:</b></p> <p><b>Svakt opptak på sjukepleie i januar. Kva vert gjort vidare? v/ Anny</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Svakt opptak er nasjonal trend som rammar små campus.</li><li>- Nasjonal samlingsbasert desentralisert sjukepleiarutdanning vert starta i Førde og på Stord til hausten. Krava om praksis og kommunalt tilsetjingstilhøve vert tekne bort. Opptak via samordna opptak.</li><li>- Det vert ikkje utlyst januaropptak på sjukepleie i Førde i -25.</li></ul>	

	<ul style="list-style-type: none"><li>- Helse Førde stiller husvære til disposisjon for studentar i praksis på Eid og i Lærdal.</li><li>- Det er avgjerande viktig å halde oppe aktiviteten på Campus. Sjukepleiarane riggjar opplegg for å oppnå dette frå hausten -25.</li><li>- Fagpersonale må også inn i arbeidet med rekruttering i samarbeid med rekrutteringsteamet. Døme: Samarbeid med Førde vgs.</li><li>- Vi må tenke nytt, og vi må prøve å rekruttere studentar frå heile landet.</li><li>- Rekrutteringsteamet ved HVL jobbar også målretta inn mot rekruttering spesielt ved Førde og Stord.</li></ul> <p><b>IDER-prosjektet</b> og samanslåing av elektrolinene til hausten. v/ Øyvind</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Vi må rekruttere frå heile landet.</li><li>- Vi må dyrke profil med arbeidslivsrelevans.</li><li>- Må tore å tenke langsiktig i strategiarbeidet – slik at det vi bygger vert robust. Eit spørsmål: Korleis vere attraktive i 2030?</li><li>- Vi må bygge på eit fagmiljø framleis tett på studentane.</li><li>- Vi må tilby tipp topp labfasilitetar og samstundes vere praksisnære. Vi må dyrke y-vegen og knyte oss nærare til nøkkelbedrifter.</li></ul>	
--	--	--

04/24	<b>Campusprofil.</b> <p>Dette var hovudpunktet i møtet, og det peika fram til møta våre måndag 22. april: I referatet frå Campusmøtet 17/10-23 står det mellom anna: «Vi (vil) invitere dei tilsette til «Omdømelunsj med Jeppe Aagård Jeppesen» 1130-1245.»</p> <p>På møtet kom det fram at vi også må ta med ein del studentar på denne «omdømelunsjen/workshopen». Hans Jakob kallar inn Jeppe, Monica, Øyvind og Sondre til eit planleggingsmøte fram mot 22. april. Neste møte i Campusrådet vert også måndag 22. april. Fysisk møte kl 13-15. Eit av hovudemna der vert oppfølginga av workshopen og Campus Vie-prosjektet som då er i slutfasen.</p> <p>Emnet Campusprofil vart også drøfta i sak 2 og 3. Under punkt 4 kom også desse punkta fram:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Vi må løfte fram «verdens beste» fagmiljø og/eller andre positivt lada saker. Vi må halde fram ei positiv Campus-forteljing i Førde. Vi må dyrke ei vinnarforteljing. Dette gjeld både fagmiljø, studentar og administrasjon.</li><li>- Vi fokuserer på tett arbeids/næringslivskontakt. Vi må satse på det fleksible - det nett- og samlingsbaserte. Vi må samstundes greie å bygge godt studentmiljø med studentar på Campus. Vi må ta</li></ul>	
-------	---	--

	<p>«pulsene» i aktiviteten gangane. Vi må få studentane til å sjå kor viktig det er å vere på campus.</p> <p>Studentidrettslaget går føre med eit godt eksempel. Global Game Jam med overnatting og spel på Campus er eit stjerneeksempel!</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi må også satse på nasjonal rekruttering. Førde må få fram alt det som er bra med Førde.</li> </ul>	
05/24	<p><b>Eventuelt</b> (sjølv om ikkje desse punkta var innmeldt, så høyrer dei vel inn her)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hans Jakob fekk i oppgåve å følgje opp Silje (AK) med melding frå dette møtet – men med mest innretning på det som «kjem til å kome» på møta 22. april.</li> <li>- Geir Kåre fylgjer opp AK når det gjeld merknader som kom opp om «policy» for nettsidene våre. Det er ønskeleg at fleire saker som har betydning for omdømebygginga i Førde kjem som saker på nyhende.</li> <li>- I juni -24 skal HVL sende 20 studentar til innovasjonscamp i Cern i Sveits – i samband med HVL Skape. Førebels har seks studentar frå Førde søkt. Vi treng fleire Førdesøknader. Frist 1. mars.</li> </ul>	

## Oppfølging:

	Sak	Oppfølging	Ansvarleg
1	04/24	Campusprofil – planlegging og gjennomføring av møta måndag 22/4	Monica m/fl